

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	10.03.2016	022/16
Kvam heradsstyre	15.03.2016	026/16
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre	07.03.2016	002/16

Avgjerd av:	Arkiv: N - 402.4	Arkivsaknr
Saksh.: Aksnes, Arne	Objekt:	16/695 - 1

Smittevernplan for Kvam herad

Samandrag:

Kommunen har ansvar for smittevernet. Smittevernlova frå 1994 pålegg kommunane å ha ein eigen smittevernplan. Planen skal vera grunnlag for tilfredstillande smittevernarbeid i det daglege og effektiv handsaming av beredskapssituasjonar.

Smittevernplan for Kvam herad er utarbeidd i tråd med Smittevernlova og nasjonale faglege retningslinjer.

Planen er Web – tilknytta slik at alle tilvisingar til lover og forskrifter og anna fagleg stoff vert direkte henta frå Internett.

Smittevernlova pålegg kommunane å peika ut ein smittevernlege og tilrår ein vikar for denne.

Rådmannen føreslår kommuneoverlege Arne O. Aksnes som smittevernlege og fastlege Gudmund Øvsthus som vikar for smittevernlegen.

Planen skal godkjennast av heradstyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til smittevernplan for Kvam herad vert vedteken slik han ligg føre.

Heradstyret utnemner Arne O. Aksnes som smittevernlege og Gudmund Øvsthus som vikar for smittevernlegen.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til ny smittevernplan for Kvam herad - revidert 2015/2016

Vedlegg i saka:**Dok.id Tittel**

506542 SmittevernplanNY (3) (L)(654145)

07.03.2016 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd

RMNFE- 002/16 Vedtak:**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til smittevernplan for Kvam herad vert vedteken slik han ligg føre.

Heradstyret utnemner Arne O. Aksnes som smittevernlege og Gudmund Øvsthus som vikar for smittevernlegen.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til ny smittevernplan for Kvam herad - revidert 2015/2016

10.03.2016 Kvam formannskap**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK- 022/16 Vedtak:

Framlegg til smittevernplan for Kvam herad vert vedteken slik han ligg føre.

Heradstyret utnemner Arne O. Aksnes som smittevernlege og Gudmund Øvsthus som vikar for smittevernlegen.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til ny smittevernplan for Kvam herad - revidert 2015/2016

Saksordførar: Borghild Storaas Ones, Ap

15.03.2016 Kvam heradsstyre

Saka vart handsama etter sak 025/16

Halvard Lilletveit, Ap hadde permisjon i saka

Røysting:

FSK si tilråding vart samrøystes vedteke med 26 røyster

HST- 026/16 Vedtak:

Framlegg til smittevernplan for Kvam herad vert vedteken slik han ligg føre.

Heradstyret utnemner Arne O. Aksnes som smittevernlege og Gudmund Øvsthus som vikar for smittevernlegen.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til ny smittevernplan for Kvam herad - revidert 2015/2016

Saksopplysningar:

Organiseringa av smittevernet i Noreg er karakterisert ved at primæransvaret for vern mot smittsame sjukdomar, gjennom helse- og omsorgslova og smittevernlova, er lagt til kommunehelsetenesta.

Kommunen skal ifølgje smittevernlova sørgja for at alle som bur eller mellombels oppheld seg i kommunen, er sikra naudsynt smittevernhjelp. Dette kan vera førebyggjande tiltak, naudsynte undersøkingar, behandling og pleie utanfor helseinstitusjon, pleie i sjukeheim eller annan kommunal helseinstitusjon.

Tiltak og tenester for å førebyggja smittsame sjukdomar eller motverka at dei vert spreidde, skal utgjera eit eige område i planverk for kommunen si helseteneste. Helsetenesta i kommunen skal samarbeida med myndigheiter som har oppgåver som påverkar tiltaka.

I kommunar med fleire kommunelegar skal kommunestyret utpeika ein av dei til å utføra dei oppgåver innan smittevernet som smittevernlova har pålegg om; smittevernlege, og kommunen vert rådd til å ha vikar for denne jfr § 7 – 2 i smittevernlova.

Mellom oppgåvene til smittevernlegen er å laga ein eigen smittevernplan og organisera smittevernarbeidet i tråd med smittevernplanen.

I Kvam er for tida kommuneoverlege Arne O. Aksnes smittevernlege.

Gudmund Øvsthus er vikar for smittevernlegen.

Øvsthus har i samarbeid med Aksnes utarbeidd eit framlegg til ny smittevernplan for Kvam herad.

Leiande helsesøster Torill Høyland har også teke del i arbeidet og kome med verdifulle data og innspel til planen. Planen har vore på høyring hjå fastlegane.

Heradstyret vedtok den førre smittevernplanen i Kvam i 2002. jfr arkivsaknr 0009900824.

I samband med svineinfluensapandemien i 2009 vart smittevernplanen oppdatert med ein pandemiplan som no er ein del av smittevernplanen. Pandemiplanen er seinare justert etter erfaringar frå pandemien og er i samsvar med nasjonal pandemiplan. (pandemi = ein

smittsam sjukdom som rammar mange menneske i eit stort geografisk område)

Den reviderte smittevernplanen byggjer på smittevernplanen frå 2002, men det er gjort ein del endringar og tilføyingar i teksten og namn på einingar og tilsette er oppdaterte.

Av lov- og forskriftsendringar som har medført endringar i planen, skal særskilt nemnast fagområda

tuberkulose og legionella.

I den reviderte planen ligg no eit eige kapittel om både tuberkulose og legionella.

Smittevernplanen byggjer på krav i lov og forskrift og råd frå sentrale helsestyresmakter. Planen er tilpassa situasjonen i Kvam herad.

Smittevernplanen er meint å vera eit hjelpemiddel og arbeidsverktøy i smittevernarbeidet for legar og andre tilsette i helse og omsorg. Planen har m.a fokus på å hindra utvikling av antibiotikaresistens og smittespreiing i institusjonar. Den skal sikra at lova sine krav til kommunalt smittevern er oppfylte, og at arbeid og organisering har naudsynt forankring i kommunen sine styrande organ.

Planen omtalar dei store linjene i smittevernarbeidet og er i første rekkje eit fagleg arbeidsdokument og styringsdokument for administrasjonen og helsepersonell.

Ressursar, arbeidsfordeling og ansvarstilhøve både i normal drift og i beredskapssituasjonar er beskrivne og er slik grunnlag for tilfredstillande smittevernarbeid både i det daglege og legg grunnlag for effektiv handsaming av risikosituasjonar.

Sak 011/16 - 16/1120 – Politisk delegeringsreglement 2015 - 2019, Kvam herad, viser kva fullmakter som er lagde til heradstyret, rådmannen og kommuneoverlegen/smittevernlegen med heimel i smittevernlova.

Smittevernplanen omfattar mellom anna kommunen sitt tuberkulosekontrollprogram som er koordinert med tuberkulosekontrollprogram for Helse Vest, eigen pandemiplan i tråd med nasjonal beredskapsplan for Pandemisk influensa og eit eige avsnitt om legionella som byggjer på Folkehelsa sine retningslinjer.

Smittevernplanen kjem som tillegg til helseberedskapsplanen og er ein del av beredskapsplanverket i Kvam herad.

Som vedlegg inneheld planen brev og informasjonsskriv til bruk både innan smittevern i normalsituasjonen og i beredskapssituasjonar.

Mange stadar i teksten er det laga hyperkoplingar slik at alle tilvisingar til lover, forskrifter og fagleg stoff kan hentast direkte frå internett. Ved å klikka på lenka kjem ein direkte til aktuell side i planen eller til førande dokument frå sentrale helsemynde.

Kostnadane ved smittevernarbeidet vert dekkja av kommunal drift, og ved refusjon frå HELFO til fastlegane. Personar som har ein allmennfarleg smittsam sjukdom, skal ha naudsynt helsehjelp utan avgrensing av kommuneøkonomi. Personar med allmennfarleg smittsam sjukdom, eller mistanke om dette, skal ha gratis legehjelp og behandling.

Smittevernplanen skal reviderast/oppdaterast dersom endringar i lovverk, organisering, trusselbilette, lokale tilhøve, endringar i ressursar/personell eller ny kunnskap tilseier dette. Smittevernlegen er ansvarleg for å ha oversikt over tilhøve som kan medføra behov for revisjon, avgjera når revisjon er naudsynt, og gjennomføra dette.

Ved større revisjonar skal planen leggjast fram for heradstyret.

Kvam herad skal gjennomføra opplæringstiltak som sikrar at alle som tek del i smittevernet har rett kompetanse i høve til dei oppgåvene dei er sette til å løysa, herunder også kjennskap til planen.

Gjennom øvingar skal kommunen sikra seg at dei tilsette kjenner planen, lærer seg å bruka den, og at svikt og avvik vert avdekka og kan rettast opp. Kommunen skal gjennomføra teoretiske øvingar som del av opplæringa.

Leiargruppa i helse- og omsorg har ansvar for dette.

Det epidemiologiske biletet kan endra seg raskt. Planen er difor ikkje detaljert på fagnivå. Planen er ikkje meint å vera politisk eller fagleg kontroversiell, men skal godkjennast politisk.

Odda kommune sin smittevernplan er brukt som hjelp og inspirasjon etter avtale med kommuneoverlegen. Fleire av dei generelle tekstavsnitta er nytta direkte i vår plan.

Vurdering:

Det er lagt ned eit stort arbeid i revisjonen av smittevernplanen.

Planen tar for seg dei aktuelle tema på ein føremålstenleg måte i tråd med dagens trusselbilete. Planen er eit operativt verktøy for helsepersonellet. Den er vidare viktig for kommunen sitt beredskaparbeid og viser kven som er ansvarleg i dei ulike situasjonane/operasjonane.

Med omsyn til økonomi har rådmannen fullmakt på inntil 1,5 million til uforutsette utgifter i beredskapssituasjonar.

Planen er godt gjennomarbeidd og vil truleg stå seg i mange år. Det er likevel viktig med jamnleg ajourhald t.d. av namn og telefonnummer. I tillegg må me legga opp til større revisjonar med jamne mellomrom.

Smittevernlegen er ansvarleg for å ha oversikt over tilhøve som kan medføra behov for revisjon, avgjera når revisjon er naudsynt og gjennomføra dette.

Ved større revisjonar skal planen leggjast fram for *heradstyret*.

Rådmannen meiner kommunen i dette dokumentet har eit viktig og nyttig dokument til arbeidet med å organisera og driva smittevernarbeidet i kommunen både i det daglege arbeidet og i beredskapssituasjonar.

Rådmannen føreslår at kommuneoverlege Arne O. Aksnes held fram som smittevernlege i Kvam herad med fastlege Gudmund Øvsthus som vikar for smittevernlegen.